



Gulen kommune  
Eivindvikvegen 1119  
5966 EIVINDVIK

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Gulen kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Gulen kommunestyre har i møtet 09.12.2021, sak 095/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025.

Gulen kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar.

### Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

### Oppsummering

*Med høge inntekter frå Havbruksfondet og NORM-inntektene har Gulen gjennom dei seinare år opparbeidd seg ein god økonomi med høge frie fondsmidlar (disposisjonsfond) og låg lånegjeld. Men sjølv med høge inntekter, blir det i økonomiplanen budsjettert med eit gjennomsnittleg lågt netto driftsresultat. Kommunestyret har vedteke ein handlingsregel for å skjerme bruken av midlar frå Havbruksfondet og NORM-inntektene frå drifta i kommunen, og nytte desse inntektene til investeringar eller satsingar utan å auke driftsbudsjettet. For å oppnå handlingsregelen vil det krevje omstillingar med innsparingar i drifta. Statsforvaltaren meiner at kommunestyret i framtidige budsjett og økonomiplanar må prioritere å gjennomføre handlingsregelen. Dette vil leggje til rette for utvikling av kommunen og oppretthalde ei handleevne som over tid sikrar eit stabilt og godt tenestetilbod til innbyggjarane.*



## Budsjett 2022

Etter Kostra-konserntal<sup>1</sup> for 2021 fekk kommunen eit netto driftsresultat på 16,1 mill. kroner. Det utgjør 4,9 prosent av driftsinntektene. Etter at det er overført 5,6 mill. kroner til investeringar og netto er brukt 0,8 mill. kroner av bundne fond, er det netto avsett 11,3 mill. kroner til disposisjonsfond. Disposisjonsfondet er ved utgangen av 2021 på 114,5 mill. kroner, som er 34,6 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet utan Oslo er 13,7 prosent.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot er budsjettert med 193,2 mill. kroner. KS-prognosen etter revidert nasjonalbudsjett er på 191,6 mill. kroner. Av dette utgjør 0,4 mill. kroner kompensasjon for ekstra utgifter for covid-19, knytte til vaksinasjon og testing.

Av andre sentrale inntekter er eigedomsskatt budsjettert med 24,1 mill. og midlar frå Havbruksfondet 32,2 mill. kroner. Kommunen har frå 2008 fått økonomisk kompensasjon for at NORM-avfall (lågradioaktivt avfall) vert behandla og lagra i kommunen. Kompensasjonen for 2021 var på 11,2 mill. kroner. Kommunen har òg kraftinntekter, dei var 3,4 mill. kroner i 2021.

Samanlikna med revidert budsjett for 2021 er det for sum netto driftsramme til administrasjon og tenestemråda budsjettert med ein nominell auke på 14 mill. kroner til 2022, som utgjør 6,4 prosent.

Netto finansutgifter er budsjetterte med 9,6 mill. kroner. Faktisk netto finansutgift i 2021 var 7,1 mill. kroner. Netto driftsresultat er etter dette 8,9 mill. kroner, eller 2,8 prosent av driftsinntektene. I disponering av resultatet er det overført 6,2 mill. kroner til investeringar, bruk av bundne driftsfond 1,9 mill. og avsett 4,6 mill. kroner til disposisjonsfond.

Kommunen har planlagt investeringar i varige driftsmiddel for til saman 24,2 mill. kroner og tilskot til investeringar til kyrkjelege fellesråd 0,8 mill. kroner. Lånefinansieringa av investeringane er planlagt med 15,9 mill. kroner, resterande finansiering består av momskompensasjon, sal av driftsmiddel, mottekne avdrag på utlån av eigne midlar og overføringar frå driftsbudsjettet. Lånefinansiering til brukarbetalte VA-anlegg gjennom avgifter, utgjør 2,2 mill. kroner. Til vidare utlån er det er budsjettert med 2 mill. kroner i nytt startlån frå Husbanken.

Ved siste årsskifte hadde kommunen som konsern ei brutto langsiktig lånegjeld på 234 mill. kroner, som utgjorde 71 prosent av driftsinntektene.<sup>2</sup> I 2021 var landsgjennomsnittet utan Oslo 114,5 prosent. Av gjelda utgjorde Startlån til vidare utlån 11,8 mill. kroner. Netto renteeksponering for Gulen kommune ligg på 1,3 prosent av totale driftsinntekter.<sup>3</sup> Gjennomsnittet for landet utan Oslo er 39,6 prosent.

## Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Handlingsdelen i kommuneplanen, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

---

<sup>1</sup> og <sup>2</sup> Konsern-tal for kommunekassa med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid.

<sup>3</sup> For Gulen betyr dette at kommunen er om lag nøytrale for endra rente.



Netto driftsresultat varierer mykje etter utbetalingar frå Havbruksfondet. I 2023 er resultatet budsjettert negativt med - 7,8 mill., positivt i 2023 med 10,9 mill. og negativt igjen i 2025 med - 7,1 mill. kroner. Dette gjer at det er meir rett å vurdere resultatata som eit gjennomsnitt for økonomiplanperioden, som då blir berekna til 0,4 prosent av driftsinntektene. I sum for perioden er det planlagt avsetjingar til disposisjonsfond med 6,2 mill. kroner.

I heile økonomiplanperioden 2022 – 2025 er det planlagt investeringar i varige driftsmiddel for 155 mill. kroner og tilskot til investeringar til kyrkjelege fellestråd 1,250 mill. kroner. Største investeringane i perioden er symjeanlegg (80 mill.), Tusenårsstaden Gulatinget og bustadfelt i ytre Gulen, søre Gulen og Dalsøyra. Av investeringane er det planlagt at 87 mill. kroner skal finansierast med lån, der 3,8 mill. kroner utgjer lån til investeringar i VA-anlegg. Startlån frå Husbanken for vidareutlån er vidareført med 2 mill. kroner kvart år i perioden.

Brutto langsiktig lånegjeld (inkl. startlån frå Husbanken) er ved utgangen av 2025 for kommunekassa berekna til 240 mill. kroner.

### Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handlevna over tid. Gulen kommunestyre har vedteke følgjande handlingsreglar og måltal i økonomiplanen:

- Netto driftsresultat skal i økonomiplanperioden i snitt vere minimum 0 prosent av brutto driftsinntekter, men skal i perioden gå mot eit måltal på 1 prosent.
- Gjeldsgrad (netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter) på maksimalt 90 prosent.
- Disposisjonsfond på minst 20 prosent av brutto driftsinntekter.

Etter vedtaket til kommunestyret for budsjett- og økonomiplan, er måltala i prosent av inntekter berekna til:

	Mål	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat	0 – 1 prosent	2,79 %	-2,65 %	3,5 %	- 2,4 %
Gjeldsgrad	90 %	60 %	66 %	67 %	77 %
Disposisjonsfond	20 %	25 %	25 %	28 %	28 %

### Statsforvaltaren sine vurderingar

*Etter at Gulen fekk inntekter frå Havbruksfondet vart økonomien til kommunen vesentleg styrkt. Saman med NORM-inntektene bidreg dette til at kommunen, samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet, har høge inntekter etter innbyggjartalet. Dette gjeld også etter at det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Som følgje av nemnde inntekter, har kommunen gjennom dei seinare år bygt seg opp høge frie fondsmidlar (disposisjonsfond). Kommunen har såleis ein god buffer til uføresette hendingar med økonomisk konsekvens. Målt etter driftsinntektene er lånegjelda låg, men det blir lagt opp til å auke gjelda i økonomiplanperioden.*

*Men sjølv med høge inntekter, blir det i økonomiplanen budsjettert med eit gjennomsnittleg lågt netto driftsresultat. Kommunestyret har vedteke ein handlingsregel for å skjerme bruken av midlar frå Havbruksfondet og NORM-inntektene frå drifta, og nytte desse inntektene til investeringar eller satsingar utan å auke driftsbudsjettet. For å oppnå handlingsregelen vil det krevje omstillingar med innsparingar i drifta. Statsforvaltaren meiner at kommunestyret i framtidige budsjett og økonomiplanar må prioritere å*



*gjennomføre handlingsregelen. Dette vil leggje til rette for utvikling av kommunen og oppretthalde ei handleevne som over tid sikrar eit stabilt og godt tenestetilbod til innbyggjarane.*

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Anne Kristin Eitungjerde  
fung. kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*